

Styresak

Går til:	Styremedlemmer
Selskap:	Helse Vest RHF
Dato skreven:	13.06.05
Sakshandsamar:	Hilde Rudlang
Saka gjeld:	Tertialrapportering på bestillardokumentet 1. tertial 2005

Styresak 68/05 B

Styremøte 17.06.05

Bakgrunn

I følge bestillardokumentet for 2005 frå Helse- og omsorgsdepartementet skal Helse Vest RHF rapportere tertialvis på ei rekkje punkt. I styresak 29/05 blei det lagt fram ei oversikt som viste kva for område som Helse Vest skal rapportere på i 2005. Oversikta viste månadleg, tertialvis og årleg rapportering.

Vedlagt legg ein her fram tertialrapportering på bestillardokumentet for 1. tertial 2005, i samsvar med styresak 29/05.

Kommentarar

Helseføretaka blei bedne om å sende inn opplysningar på ei rekkje av punkta i tertialrapporteringa. Tilbakemeldingane har vore av litt ulik karakter, og ikkje alle har svart på alle punkta. Dette gir ei varierende detaljeringsgrad i rapporteringa. Det kan skuldast at det er noko uklårt kva som skal rapporterast på nokon punkt og om rapporteringa skal avgrensast til det som har skjedd i perioden.

Det må i samarbeid med departementet arbeidast for ei meir einskapeleg rapportering framover.

Forslag til vedtak

Styret oversender vedlagte tertialrapportering på bestillardokumentet for 1. tertial 2005 til Helse- og omsorgsdepartementet.